

## Endring av reguleringsplan for Vik med forenkla prosess-uttale frå barne- og ungdomsrepresentanten

Mandatet til barne- og ungdomsrepresentanten (BU) i Sykkylven kommune er å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga (jf. § 3-3 i plan- og bygningslova). BU har ingen motsegn til at den omsøkte endringa kan gjennomførast som ein forenkla prosess, men har likevel eit par merknadar til dei planane som er lagt fram.

Trafikktryggleik: Eit godt oppmerka gangfelt over Geilevegen, med skilting, må på plass før det vert gitt bruksløyve for første bueining. Dette for å sikre ein tryggare tilkomst til eksisterande gangfelt langs Geilevegen.

Leikeplassar: Det er svært positivt at ein ønskjer å behalde eit areal med kvartalsleikeplassfunksjon (BUL1), til tross for at talet på bueiningar vert redusert frå 36 til 20. Sjølv om arealet på BUL1 er 500 m<sup>2</sup> for lite til å kunne kalle det ein kvartalsleikeplass, kan dette bli ein god og funksjonell leikeplass for barn i nærområdet dersom den vert utforma slik som skissert.

Nærleikeplassen (BUL2) er bereikna på dei minste barna. Føresegnene slår fast at areal smalare enn 10 meter ikkje skal reknast med. Den sydlege delen av BUL2 er smalare enn 10 meter, og stettar såleis ikkje krava til leikeplass. Det er eit ønske at denne delen vert breiare. Men totalarealet på BUL2 ser likevel ut til å ligge godt over minimumsgrensa for nærleikeplass (200m<sup>2</sup>). Det er bra. Men det er ikkje alle bueiningar som vil få nærleikeplassen innan gangavstand på 50 meter (jf. føresegnene). Samla sett ser det ut til at BUL1 og BUL2 vil gi tilfredsstillande moglegheiter for leik og aktivitet.

Rekkefølgekrav: Når det gjeld rekkefølgekrav er det eit klart ønske at **begge** leikeareala skal etablerast før det vert gitt bruksløyve for den første av dei i alt 20 planlagde bueiningane. Sekundært at BUL1 vert knytt til bruksløyve for bueining nr 4, og ikkje bueining nr 5 slik det er søkt om. Dette på bakgrunn av at det er planlagt 4 bueiningar i kvart hus (firmannbustadar).

Øyvind Fet

Barne- og ungdomsrepresentant i Sykkylven kommune